

---

Saksnr: 2020/37302-6  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

**Årsmelding 2020 for Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune****Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.

**Samandrag**

Gjennom at kontrollutvalet legg fram årsmelding for føregående år, vert delar av den pålagde rapporteringa frå utvalet til fylkestinget ivareteke.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sekretariatet har laga forslag til årsmelding for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune for 2020. Årsmeldinga skal gje oversikt over kva kontrollutvalet har arbeidd med i året som gjekk.

### Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har vedtakskompetanse i denne saka etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»*

### Vurderingar og verknader

Føremålet med årsmeldinga skal vera å tilbakemelde til fylkestinget, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultatene av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side og på kva som må følgjast opp vidare framover.

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den pålagte rapporteringa frå utvalet. Sekretariatet meiner difor at det vil vera naturleg at fylkestinget godkjenner årsmeldinga i eige sak.

### Konklusjon

Det blir på bakgrunn av dette tilrådd at utvalet legg fram årsmelding 2020 for kontrollutvalet til godkjenning i fylkestinget.